



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 20/2020

Møtedato: 22.6.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Plan for sykkelsatsing i Vestre Slidre statsallmenning

Masterplan for sykling vart presentert i avsa Valdres den 17.1.20. Det er Vaset Vekst som har bedt om ei slik planlegging. Planen omfattar sentrumsnære område og fjellområda rundt Vaset. Samla kostnad for tiltaka er berekna til kr 12,5 mill. kr.

Frå planen:

Rekkje Stiutvikling gjennomførte i 2018 mulighetsstudien Basesykling langs Mjølkevegen på oppdrag fra Visit Valdres og Opplysningskontoret for Terrengsykkel. Studien kartla den daværende situasjonen for fire destinasjoner langs Mjølkevegen, og belyste deres potensiale for å utvikle bærekraftig terrengsykkeltilbud. Den er kartleggings- og teorigrunnlaget for denne masterplanen. Resultatet var at Valdres i sin helhet har alle nødvendige forutsetninger for å etablere seg som en topp terrengsykkeldestinasjon.

Mulighetsstudien konkluderte med at Vaset har et godt utgangspunkt for sykkelutvikling med tanke på eksisterende infrastruktur for turisme, grunneierforhold og grunnforhold for bygging av sti.

Høsten 2019 utførte Rekkje Stiutvikling en kartlegging og befaring på Vaset i uke 39 og 40. Dette danner grunnlaget for kart, tiltaksplaner og prioriteringsliste i masterplanen.

Ut fra mulighetsstudien er målet med Masterplanen:

“Lage en konkret plan for langsiktig utvikling av Vaset som sykkeldestinasjon, med inntegnede traséer. Nært forestående tiltak vil ha høyere detaljnivå.”

Høsten 2019 har Rekkje Stiutvikling gjort følgende i arbeidet med masterplanen:

- 1. BEFARING OG KARTLEGGING I FELT Vi utførte befaring og kartlegging i felt uke 39 og 40, der vi gikk og syklet i de aktuelle områdene og samlet inn positive og negative kontrollpunkt til videre planlegging.*
- 2. MØTER MED AKTØRER Samtidig som vi var på befaring møtte vi aktuelle aktører hvor vi fikk innspill om areal, ønsker og behov*
- 3. ANALYSE I GIS Ved hjelp av relevante kartlag som er tilgjengelige, analyserte vi de ulike områdene. Vi har hatt tilgang til reguleringsplaner o.l gjennom Valdreskart.*
- 4. INNTEGNING AV TRASÉER OG KONSEPT I GIS Med utgangspunkt i kartleggingen i felt, møter med aktører og analyse i GIS tegnet vi inn traséer med tilhørende konsept i GIS.*
- 5. PLANDOKUMENT Dette plandokumentet beskriver konsept, tiltaksplaner, forklaring til kart og hjelp til realisering av de ulike tiltakene.*


4.3 OMRÅDER I PLANEN

Vi har definert og vurdert 5 områder for utvikling.

1	Sentrumsområde
2	Vaset stadion
3	Langrennsområde
4	Fjellet
5	Brendabu

Stikoder

Alle stier har fått sin egen kode. Denne består av områdenummer, og så et id nummer. F.eks er kode 301 et tiltak i område 3. Noen har id med en bokstav bak i tillegg. Dette for å dele inn én sti i to ulike deler. Stiene har fått koden når de har blitt tegnet, og etter mye redigering frem og tilbake er det ikke noe naturlig sortering etter koder og hvor stien går. Noen eksisterende traséer har fått id som begynner på 50 for å skille disse fra sti som begynner på 01.



6. PRIORITERINGSPLAN

Her er forslag til prioritering av de første utbyggingsprosjektene. I denne typen prosjekter er det vanskelig å forutsi hvilke tiltak som blir mulig å prioritere først. Denne listen viser det vi mener er en bra rekkefølge for utbygging, og tiltakene er delt opp i ulike seg. Planen viser ikke fullstendige tiltak i masterplanen, for dette, se vedlagt tiltaksplan.

Utviklingstråden er at man bygger fra synlige knutepunkter og utover i terrenget, til forskjell fra å begynne med lite synlige tiltak utenfor allfarveier. Dersom man må vente lenge på at tiltak blir klarert kan man hoppe lenger ned på prioriteringslista. Et eksempel er tiltakene i område 2, som er svært viktig for satsingen, men mens man venter på avklaringene her kan man starte på område 3. Tiltakene i fjellet bør vente til man har fått realisert mange av tiltakene i område 2,3 og 5. Stiltakene i område 1 er ikke tatt med her da de må bli en del av en ny reguleringsplan, men disse bør prioriteres høyt når nødvendige avklaringer er gjort. Vi er dog innstilt på at dette vil ta mye tid.

Prioritet	Område	id	Beskrivelse	Kostnad eks mva	Steg
1	1		Pumptrack	2 000 000	2 000 000
2	2	01	Klatresti	315 000	655 000
2	2	02	Nedoversti	340 000	
3	5	01	Hopplinje	200 000	1 000 000
3	5	02	Hopplinje	200 000	
3	5	03	Ferdighetsløype	300 000	
4	3	01A	Tilkomst	145 000	820 000
4	3	01B	Nedoversti	275 000	
4	3	02	Klatresti	400 000	
5	3	10	Klatresti	1 050 000	2 400 000
5	3	09	Forbedring eksisterende	200 000	
5	3	08	Flytsti	1 000 000	
5	3	06	Vedlikehold eksisterende	150 000	
6	4	01A	Klatresti Saukollen	150 000	4 200 000
6	4	01B		500 000	
6	4	01C		1 000 000	
6	4	03	Naturtilpasset flyt fra fjellet	1 700 000	
6	4	04	Naturtilpasset flyt fra fjellet	850 000	500 000
7	3	13	Blå hopplinje	250 000	
7	2	14	Rød hopplinje	250 000	
8	3	04	XC Flow	900 000	1 300 000
8	3	03	Flowtrail retur stadion	400 000	
				SUM	12 575 000

Kommunen arrangerte eit informasjonsmøte om saka den 9. juni der Vaset Vekst, landbruksnæringa, hytteforeining, kommunen og fjellstyret var representerte. Vaset vekst informerte om planen og det var ordskifte om planen. Korkje fjellstyret eller landbruksnæringa har vore kontakta i samband med planlegginga. Det har vore sterke reaksjonar frå landbruksnæringa på at det er utarbeidd ei slik plan utan at næringa er kontakta.

Etter fjellova §12 gir Statskog løyve til grunnDisponerin, etter fjellstyret har uttala seg til saka: *Iverksetjing av grunnDisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.*

Planen er ikkje sendt ut til høyring, men fjellstyret vil gi signal om korleis ein ser på tiltaka. Tiltak i område 1,2,5 og 6 vil ikkje ha noko særleg betydning for bruksretten. Ein har i denne omgang ikkje vurdert om det kan innverknad anna friluftsliv og ferdsel. Tiltak i område 3 og 4 kan vera til stor ulempe for bruksretten og det kan vera aktuelt å krevja skjøn om tiltaka blir godkjende.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ser positivt på å leggja til rette for sykkel i sentrumsområdet på Vaset og har ingen merknader til at ein går vidare med inkluderande planlegging her. Fjellstyret er misfornøgd med at det blir planlagt tiltak i fjellet utan at bruksinteressene blir høyrde på førehand. Fjellstyret er svært skeptisk til å etablere nye sykkelløyper i terrenget og på turstigar i fjellet. Ev. vidare planlegging må skje i samråd med fjellstyret og beitenæringa.

Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på å leggja til rette for sykkel i sentrumsområdet på Vaset og har ingen merknader til at ein går vidare med inkluderande planlegging her. Fjellstyret er misfornøgd med at det blir planlagt tiltak i fjellet utan at bruksinteressene blir høyrde på førehand. Fjellstyret er svært skeptisk til å etablere nye sykkelløyper i terrenget og på turstigar i fjellet. Ev. vidare planlegging må skje i samråd med fjellstyret og beitenæringa.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.20.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog, Vestre Slidre kommune, Vaset vekst